

Vil ha fast dekke på nytt Eidsvik-areal

10.03.2008

Torkel Steinsletten, som er næraste nabo til eit område som Eidsvik Skipsbyggeri no skal opparbeida til parkerings- og lagringsplass, har inga innvending mot opparbeiding og bruk av arealet.

Men han har notert seg at det i fyrste omgang er planlagt berre å leggja vegggrus på det.

Han har i friskt minne korleis det var den tida Børnesvegen var grusveg. I dei periodane då vegbana var turr, vart dei ofte plaga med mykje støv.

- Med tanke på at arealet på heile 40 x 60 meter skal grusast, kan ein berre tenkja seg kva støvplage det vil føra med seg, særleg i sommarhalvåret, skriv Stensletten til kommunen.

På grunn av dette finn han det naudsynt å be om at det vert lagt fast dekke, asfalt eller oljegrus, på arealet.